



**Verneområdestyret for
Brattefjell-Vindeggen
landskapsvernområde**

Besøksadresse
Skinnarbu
3661 Rjukan

Postadresse
Postboks 2076
3103 Tønsberg

Kontakt
Sentralbord +47 33 37 10 00
Direkte +47 953 00 640
sfvtpost@statsforvalteren.no

Verneområdestyret for Brattefjell-
Vindeggen landskapsvernområde

Sakshandsamar Kristian Kvaalen Herregården

Vår ref. 2026/4900 - 432.2

Dato 19.08.2026

Protokoll 19.08.26

Sakene: 11/26 - 15/26
Møtestad: Gaustablikk Fjellresort
Dato: 19.08.26

Følgjande medlemmer deltok:

Audun Dølen
Edvard Mæland
Ragnhild Sølberg
Kathrine Kvåle Haatvedt
Baiba Sheine

Følgjande varamedlemmer deltok:

Følgjande medlemmer/varamedlemmer hadde meldt fråfall:

Følgjande frå administrasjonen deltok:

Kristian Kvaalen Herregården

Audun Dølen
Leiar

Godkjenning av møteprotokollen:



Sak 11/26 Godkjenning av innkalling og dagsorden

Innkalling og dagsorden blei samrøystes godkjend.

**Sak 12/26 Søknad om løyve til riving og bygging av nytt båthus ved Veisfitvatn, gnr. 140
bnr. 5 og 6 i Seljord kommune**

Sakshandsamars framlegg til vedtak:

Verneområdestyret gjev Auden-Christian Solbraa Bay og Inger Tjersland løyve til riving av gammalt båthus på gnr. 140 bnr. 5 og oppføring av nytt båthus på BYA 20,3 m² om lag 40-50 meter lenger sør på gnr. 140 bnr. 6, ved Veisfitvatn i Seljord kommune, som beskriven i søknad dagsett 03.07.26. Løyvet er gjeve med heimel i verneforskrifta punkt 3.2 på vilkår.

Det vert sett følgjande vilkår:

- Løyvet gjeld tre år frå vedtaksdato. Om arbeidet ikkje er starta opp då, fell løyvet bort.
- Arbeidet skal dokumenterast ved at minst tre gode fotografi, som syner det nye bygget frå ulike vinklar, sendast verneområdestyret seinast to månader etter at tiltaket er avslutta.
- Gamle jernbanesviller med kreosot og metallplater samt anna søppel og avfall frå riving og byggearbeid skal sorterast og fraktast bort når arbeidet er ferdig.
- Tiltakshavar er sjølv ansvarleg for å hente inn andre løyve og avklare privatrettslege høve. Denne dispensasjonen er berre gjeve etter verneforskrifta for Brattefjell-Vindeggen landskapsvernområde.
- Det skal takast omsyn til naturverdiane i området under byggearbeid og materialtransport. Ein skal vere spesielt merksam på villrein og sikre at den ikkje blir uroa som følgje av aktiviteten.

Det kan klagast på vedtaket til Miljødirektoratet. Klagefristen er tre veker etter at vedtaket er motteke. Kлага rettast til Miljødirektoratet, men sendast til Verneområdestyret for Brattefjell-Vindeggen landskapsvernområde.

Vedtaket vert sendt Auden-Christian Solbraa Bay.

Handsaming i verneområdestyret:

Det blei ikkje fremma endringar.

Samrøystes vedtak i verneområdestyret:

Verneområdestyret gjev Auden-Christian Solbraa Bay og Inger Tjersland løyve til riving av gammalt båthus på gnr. 140 bnr. 5 og oppføring av nytt båthus på BYA 20,3 m² om lag 40-50 meter lenger sør på gnr. 140 bnr. 6, ved Veisfitvatn i Seljord kommune, som beskriven i søknad dagsett 03.07.26. Løyvet er gjeve med heimel i verneforskrifta punkt 3.2 på vilkår.

Det vert sett følgjande vilkår:

- Løyvet gjeld tre år frå vedtaksdato. Om arbeidet ikkje er starta opp då, fell løyvet bort.
- Arbeidet skal dokumenterast ved at minst tre gode fotografi, som syner det nye bygget frå ulike vinklar, sendast verneområdestyret seinast to månader etter at tiltaket er avslutta.
- Gamle jernbanesviller med kreosot og metallplater samt anna søppel og avfall frå riving og byggearbeid skal sorterast og fraktast bort når arbeidet er ferdig.
- Tiltakshavar er sjølv ansvarleg for å hente inn andre løyve og avklare privatrettslege høve. Denne dispensasjonen er berre gjeve etter verneforskrifta for Brattefjell-Vindeggen landskapsvernområde.
- Det skal takast omsyn til naturverdiane i området under byggearbeid og materialtransport. Ein skal vere spesielt merksam på villrein og sikre at den ikkje blir uroa som følgje av aktiviteten.



Det kan klagast på vedtaket til Miljødirektoratet. Klagefristen er tre veker etter at vedtaket er motteke. Kлага rettast til Miljødirektoratet, men sendast til Verneområdestyret for Brattefjell-Vindeggen landskapsvernområde.

Vedtaket vert sendt Auden-Christian Solbraa Bay.

Sak 13/26 Referatsaker

Verneområdeforvaltar orienterte styret om delegerte saker sidan sist styremøte.

Sak 14/26 Eventuelt

To nye informasjonstavler blir sett opp i haust. Det blir ei tavle i Skuldalen i Seljord og ei tavle ved Vierli i Vinje.

Verneområdeforvaltar vart takka av styret. Etter 6 år i stillinga for Brattefjell-Vindeggen LVO skal han no vidare til stillinga som nasjonalparkforvaltar for Femundsmarka og Gutulia NP på Røros. Verneområdestyret takka for godt samarbeid og ynskjer han lykke til vidare!

Stillinga er no lyst ut, med søknadsfrist 30.08.26. Styreleiar følgjer opp prosessen.

Sak 15/26 Neste møte

Neste møte blir truleg i desember.

Med helsing

Kristian Kvaalen Herregården
seniorrådgiver